

Språkvett for næringslivet

Bruk norsk når du kan, og engelsk når du må

1 Norsk er det naturlege for norsk næringsliv

- ✓ Presisjon er viktig i næringslivet. Vi er alltid meir presise på morsmålet, fordi vi har eit større ordtilfang og ei betre språkkjensle på vårt eige språk.
- ✓ Med norske medarbeidarar er norsk språk mest effektivt i og for bedrifta.
- ✓ Lag reklame på norsk, ikkje på engelsk, når du vender deg til norske kundar.
- ✓ Bruk norsk i stillingsannonsar når du vender deg til eit norsktalande publikum.

2 Ulike språk for ulike behov

- ✓ Snakk og skriv norsk når du kommuniserer med norske kollegaer og andre som skjønar norsk best. Bruk engelsk når det er føremålstenleg.
- ✓ Med tilsette i ulike land og tilsette med ulike morsmål treng bedrifta fleire språk.
- ✓ Bedrifta bør bruke det språket som høver best i den konkrete kulturelle samanhengen.

3 Språkvett er viktig for bedrifta og samfunnet

- ✓ Den engelskspråklege påverknaden er ei utfordring ikkje berre for lærarar, foreldre, elevar og opinionsdannarar – som massemedia – men også for næringslivet.
- ✓ Bruk norske fagtermar, da bidreg du til å utvikle og halde oppe norsk fagspråk.
- ✓ Tryggleiken syter ein best for på det språket dei tilsette meistrar best.
- ✓ Stimuler språkleg bevisstgjerung i bedrifta.
- ✓ Det er ingen motsetnad mellom det å vere for globalisering og samtidig ta vare på norsk språk og kultur.